



Rettleiande rutine for behandling av førespurnad om å ha med barn i undervisning

Målet med rutina er å gjera tydeleg når det kan være aktuelt å tillate og samtidig ta vare på eit godt læringsmiljø.

Det kan komme førespurnader frå studentar som ynskjer å ha med barn på forelesing av ulike årsaker, men studenter har og ei plikt etter Universitets- og høgskulelova § 4-8 til ikkje å forstyrre undervisninga og arbeidet til medstudentar.

Det er unntaksvis mogeleg å ta med barn i undervisning dersom det ikkje finst andre løysingar.

Følgjande føresetnader blir lagde til grunn:

- Å ha med barn i undervisning er mogeleg på enkelte undervisningsdager, ikkje på fast basis.
- Barn med i undervisning omfattar små barn. Barnet er med i undervisningslokala under føresetnad av at barnet ikkje er sjukt/smittsamt.
- Barn er med i undervisningslokala under føresetnad av at det blir teke omsyn til læringsmiljøet, under dette medstudentar og faglærarar .Dersom barnet blir uroleg og forstyrrer medstudentar eller undervisninga er det studenten som har barnet med seg som har ansvar for å forlate undervisningslokalet.
- Dersom det er behov for å ha med barn i undervisning, skal dette avklarast med den som underviser i det spesifikke emnet eller undervisningsaktivitet i forkant. Avklaringa er av omsyn til praktiske forhold som romdimensjonering og eventuelle HMS-forhold. Det må og takast omsyn til om det er eigna å ha med barn i undervisningsaktivitetane det er lagt opp til, og om det er fleire studentar som har spurt om å ha med barn i same undervisningsøkt.
- Det er som hovudregel ikkje høve til å ta med barn ved undervisning i spesialrom/lab/simulator/verkstad på grunn av tryggleik, og at det kan vera forstyrrende for læringsutbytte.

01.05.2023

